

Til høyringsinstansar

## Offentleg ettersyn av Regional plan for klimaomstilling i Sogn og Fjordane 2018-2021

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i møte den 07.03.2018 (FU-sak 25/18) å legge høyringsutkast til «Regional plan for klimaomstilling 2018-2021» ut til offentlig ettersyn. I vedtaket til fylkesutvalet står det følgjande;

*«Framlegg til Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert lagt ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist 29. april 2018, jf. plan- og bygningslova § 8-3.»*

I Regional planstrategi 2016-2020 er klimaendringar løfta fram som ein av fem hovud utfordringar for fylket.

Regional plan for klimaomstilling er utarbeid med føremål om saman å få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane, der fylket:

- tek sin del for å nå dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon.
- er best mogleg budd på klimaendringane.
- ikkje byggjer ny sårbarheit inn i samfunnet.
- reduserer sårbarheit i eksisterande bygg og infrastruktur.

Satsingsområda i planen er delt inn i følgjande åtte tema:

- Energiforsyning
- Energibruk i bygg
- Areal og transport
- Næringsliv og teknologi
- Klimavenleg landbruk
- Klimatilpassing
- Forbruk
- Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Regional plan for klimaomstilling er tredelt, og består av ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram. Vi ber spesielt om innspel og merknader knytt til plandelen og handlingsprogrammet. Vi ber om at de er tydelege på kva plantema og dokument innspelet gjeld.

I tråd med PBL § 8-2 skal Regional plan leggst til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statlig planlegging og verksemd i regionen.

Innan samferdsle er mål, strategiar og tiltak for klimagassreduksjon samordna med Regional transportplan 2018-2027 (RTP). RTP er nyleg vedteke og ein har ikkje satt nye målsettingar for klimaomstilling av samferdslesektoren i klimaomstillingsplanen. I staden vert målsettingane og tiltaka knytt til klimaomstilling som er vedteke i RTP synleggjort i handlingsprogrammet for Regional plan for klimaomstilling. Dette vil bli innarbeidd etter høyring av plandokumentet. Som

vedlegg til høringa er ei liste over mål, strategiar og tiltak frå RTP som skal innarbeidast i regional plan for klimaomstilling.

#### Økonomi

Økonomiske rårer gjer det naudsynt å prioritere mellom tiltak. Dei tiltaka som er inkludert i handlingsprogrammet er prioriterte for gjeldande planperiode. Prioriteringane set føringar for bruk av klimamidlane i fylkeskommunen. I tillegg set mange av tiltaka føringar for korleis både andre av fylkeskommunen sine budsjettpostar og andre regionale verksemdar sine budsjett bør prioriterast.

#### Til den regionale partnerskapen

Den regionale partnerskapen har vore aktivt involvert i å utarbeide utkast til Regional plan for klimaomstilling. Vi ønsker likevel innspel på korleis partnerskapen si rolle og handlingsrom i arbeidet med klimaomstilling kan bli endå tydligare og meir konkret i plandel og handlingsprogrammet. Desse innspela er viktige for å finne gode løysingar på korleis vi saman kan få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

Det er spesielt ønskeleg at NVE kjem med innspel til plantemaet om klimatilpassing, og i kva grad måla knytt til klimatilpassing er samsvarande med NVE sine satsingsområde.

#### Til kommunane

Kommunane har i mindre grad vore direkte involvert i utarbeiding av planutkast. Regional plan skal leggast til grunn for kommunal planlegging og verksemd. Det er ønskeleg at planen skal vere eit godt verktøy for kommunane i deira verksemd og i utarbeiding av kommunale planar.

I Regional plan for klimaomstilling er det ingen prioriterte tiltak som kommunane er ansvarleg for. Men tiltaka er likevel relevante for kommunane og bør gi ein god peikepinn på korleis kommunane og andre aktørar kan, eller bør jobbe med klimaomstilling. Ut over dei tiltaka som er prioritert i handlingsdelen følgjer som vedlegg ei liste over 30 tiltak som er retta spesifikt mot kommunal verksemd. Kommunane kan nytte lista som ein idébank i sitt arbeid.

Fylkeskommunen ønskjer konkrete innspel frå kommunane på om forventningane til kommunane kjem tydeleg fram i planen. Vi ønskjer og innspel på om planen med handlingsdel er eit godt utgangspunkt for vidare konkretisering i kommunal planlegging og verksemd, og korleis planen eventuelt kan styrkast på dette området.

#### Send inn høyringsinnspel

Høyringsdokumenta vert sendt ut som vedlegg, og gjort tilgjengelege på fylkeskommunen si heimeside [www.sfj.no](http://www.sfj.no) under høyringar. Ein kan sende inn kommentar og innspel via elektronisk innspelskjema på fylkeskommunen si heimeside. Innspel kan og merkast med e-sak 16/3972 og sendast pr. e-post til: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no).

Vi ber om at de er tydelege på kva plantema og dokument innspelet gjeld. **Frist for innspel er søndag den 29. april 2018.**

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til planarbeidet.

Med helsing

Synnøve Stalheim  
plansjef

Mie Dahl Pind  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021, kunnskapsdel – høyringsutkast  
 Regional plan for klimaomstilling 2018-2021, plandel – høyringsutkast  
 Regional plan for klimaomstilling 2018-2021, handlingsprogram 2018-2019 – høyringsutkast  
 Framlegg til vedtak, Fylkesutvalet 07.03.2018  
 Protokoll vedtak om utlegging til offentlig ettersyn, Fylkesutvalet 07.03.2018

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL  
 Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND  
 Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND  
 Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN  
 Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID  
 Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD  
 Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ  
 Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE  
 Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD  
 Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE  
 Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK  
 Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL  
 Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD  
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER  
 Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER  
 Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE  
 Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL  
 Selje kommune 6740 SELJE  
 Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL  
 Solund kommune 6924 HARDBAKKE  
 Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN  
 Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN  
 Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY  
 Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN  
 Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL  
 Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER  
 Sogn Regionråd Postboks 153 6851 SOGNDAL  
 Regionrådet i HAFS c/o Lutelandet Utvikling 6963 DALE I SUNNFJORD  
 Kommunenes Sentralforbund Postboks 1378 Vika 0114 OSLO  
 Nordfjordretdet Rådhusv. 11 6770 NORDFJORDEID  
 Samarbeidsforum i Sunnfjord - SIS 6802 FØRDE  
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER  
 Framtidsfylket AS Langebruvegen 12 6800 FØRDE  
 Sogn Næring as Trolladalen 30 6856 SOGNDAL  
 Kunnskapsparke Sogn og Fjordane AS v/Kjetil Kvåle Fosshaugane Campus Trolladalen SOGNDAL  
 Innovasjon Norge Pb 448 Sentrum 0104 OSLO  
 Fjord1 AS Pb 354 6902 FLORØ  
 Firda Billag Buss AS Postboks 204 6802 FØRDE  
 Norled Drift As Avd Bergen Kong Christian Frederiks plass 3 5006 BERGEN  
 Nettbuss Travel As Avd Sogn Dalavegen 1 6856 SOGNDAL  
 Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE  
 Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN  
 Stiftinga Vestlandsforskning Postboks 163 6851 SOGNDAL  
 Høgskulen på Vestlandet Postboks 133 6851 SOGNDAL  
 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane Rennekleiva 33 6812 FØRDE  
 FNF (Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane Sognefjordvegen 40 6863 LEIKANGER  
 Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE  
 Sogn og Fjordane Bondelag Hafstadvegen 21 6800 FØRDE  
 Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag v/ Marit Milde Ramstad 6800 FØRDE  
 Statskog SF v/ Borghild Simengard Pb. 63 Sentrum 7801 NAMSOS  
 Sogn og Fjordane Fiskarlag Gate 1 nr. 60 6700 MÅLØY  
 Aksello Postboks 93 69001  
 Sunnfjord Utvikling Pb. 133 6801 FØRDE  
 Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane v/ Holger Aasen Strandgt 52/54 Boks 217 6901 FLORØ

4H Nordvest v/ Åge Avedal  
UWC v/ Judit Dudas UWC  
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7010 TRONDHEIM  
Statkraft Gaupnegrandane 6868 GAUPNE  
Fiskeridirektoratet region vest og Kystverket region vest Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN  
Sognekraft Røysavegen 1 6893 VIK I SOGN  
Sogn og Fjordane energi Sørstrandsvegen 227 6823 SANDANE  
Direktoratet for sikkerhet og beredskap Postboks 2014 3102  
Direktoratet for byggkvalitet, DIBK Postboks 8742 Youngstorget 0028 OSLO  
Statnett PB 4904 Nydalen 0423 OSLO  
Småkraftforeninga Nedre Vollgate 9 0158 OSLO  
ENOVA Postboks 5700 Torgarden 7437 TRONDHEIM  
Distriktsenteret Ogdalsvegen 2 7713 STEINKJER  
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening Postboks 5471 Majorstuen 0305 OSLO  
Zero Youngstorget 1 0181 OSLO  
Norsk elbilforening Møllergata 16 0179 OSLO  
Norges automobilforbund NAF Postboks 6682 Etterstad 0609 OSLO  
Norsk hydrogenforum Gunnar Randers Vei 24 2007 KJELLER  
Norsk olje og gass KJELLER  
Norwea Wergelandsveien 23b 0167 OSLO  
Framtiden i våre hender OSLO  
SIMAS Festingdalsvegen 368 6854 KAUPANGER  
SUM - Sunnfjord Einestølen 6815 FØRDE  
NGIR  
NOMIL - Nordfjord Miljøverk Eidsmona 14 6823 SANDANE  
Sunnfjord energi Boks 123 6801 FØRDE  
Statens vegvesen Region vest, SA  
Ungdomspolitisk utval v/Guro Høyvik, NKA  
Fylkesråd for eldre v/Anne Kjersti Stenehjøm; FRM  
Fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne v/Anne Kjersti Stenehjøm, FRM